

Redigert 25.08.08

*"Åra går, barndommen og mulighetene kjem berre ein gong. "*

*sitat frå foreldre, des .07*



Plan for førebyggjande arbeid og  
tverrfagleg samarbeid for barn og unge,  
Vindafjord kommune 2008- 2012.

## INNHALD:

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>SITUASJON</b> .....	<b>3</b>
2.1	Lover, planar og anna grunnlagsmateriale .....	3
2.1.1	Lovsamlingar .....	3
2.1.2	Kommuneplanen o.a. ....	4
2.2	Prosjektet "For alle – og for den eine" .....	4
2.2.1	Målsetjing .....	4
2.2.2	Prosjektrapport pr. 01.03.08. ....	4
2.3	Anna materiale .....	4
<b>3</b>	<b>MÅL:</b> .....	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>STRATEGIAR: GRUNNMURSMODELLEN</b> .....	<b>5</b>
<b>5</b>	<b>TILTAK:</b> .....	<b>5</b>
5.1	Strategiområde 1: <b>HALDNINGAR OG VERDIAR</b> .....	6
	Omtale .....	6
	Tiltak .....	6
5.2	Strategiområde 2: <b>FØRESETTE, HEIM og FAMILIE</b> .....	6
	Omtale .....	6
	Tiltak .....	6
5.3	Strategiområde 3: <b>FYSISK OG PSYKISK HELSE</b> .....	8
	Omtale .....	8
	Tiltak .....	8
5.4	Strategiområde 4: <b>BARNEHAGE, SKULE OG FRITID</b> .....	10
	Omtale .....	10
	Tiltak .....	10
5.5	Strategiområde 5: <b>TVERRFAGLEG SAMARBEID</b> .....	12
	Omtale og Samarbeidsmodell. ....	12
	Tiltak .....	13
<b>6</b>	<b>ØKONOMI, EVALUERING OG RULLERING</b> .....	<b>15</b>
<b>Vedlegg:</b>		
1.	Oversyn over tid for innføring av og økonomi knytt til tiltaka .....	16
2.	Meir om lover oa. ....	18
3.	Prosjektrapport, "For alle- og for den eine", mars 2008	(Eige dokument)

# 1 INNLEIING

Vindafjord er inne i sitt 3. driftsår som ny kommune. Tid og krefter er nytta til å få ny organisasjon "opp og gå". Det har vore behov for å prioritera internt arbeid i kvar eining.

Våren 2007 vart Kommuneplan 2007- 2018 vedteken. Denne er eit godt styringsverktøy framover. Arbeid for barn og unge har fått stor plass, særskild samarbeid for dei som har behov for støtte.

Nå er det tid for at arbeidet på tvers av dei ulike einingane får fokus. Nokre barn og unge treng i periodar av livet støtte frå ulike tenester og lar seg ikkje putta i bås. Kommunen må leggja til rette for samarbeidsstrukturar som er tilpassa brukarane, der brukaren står i sentrum.

Men, like viktig som samarbeid når barn og unge har behov, er det å førebygga at vanskar oppstår. Denne planen har difor også fokus på førebyggjande verksemd, på kva tenester og ansvarsområde kvar eining skal ha og på samarbeidsstrukturar mellom einingane.

"Grunnmursmodellen" er utforma for å visa at dei ulike tenestene må møta barn, unge og deira føresette heilskapleg og med sams haldningar og verdiar.

Tiltaka som er komne med i planen er ulike i omfang, kompleksitet og kostnad. Nokre tiltak er alt i gang og tilrådd vidareført, nokre lar seg gjennomføra med små justeringar av drifta, medan andre krev endringar i haldningar og arbeidsmåtar frå fleire av einingane. Nokre av tiltaka har ingen eller låge kostnader, andre kostar mykje pengar.

Planen kunne omfatta ennå fleire arenaer for barn og unge, hatt fleire tiltak og vore meir konkret. Det får koma i rulleringar og når samarbeidsrutinar har funne si form. Det viktigaste nå er å auka kompetanse og handlekraft og få etablert samarbeidsorgan. Målet er at barn og unge skal få tidleg, rett og samordna hjelp og at deira føresette skal få støtte og auka kompetanse i rolla si.

## 2 SITUASJON

### 2.1 *Lover, planar og anna grunnlagsmateriale*

Kommunen si drift er styrt av sentralt vedtekne lover med forskrift, rettleiingar mv. I tillegg har kommunen eigne vedtekne planar oa.

#### 2.1.1 Lovsamlingar

Tverrfagleg samarbeid er tema i fleire lovsamlingar. Dette illustrerer i kva grad det frå sentralt hald er forventa at kommunane samarbeider på tvers av fag og tenester. Nemnast kan:

- Lov om helsetenesta i kommunane
- Forskrift om helsestasjons- og skolehelsetenesta
- Regjeringa sin strategiplan for barn og unge si psykiske helse (2003)
- Opptrappingsplan for psykisk helse 1999-2008 (st.prp.nr 63(97-98))
- Lov om barneverntenester
- Stortingsmelding 40 (2001-2002) Om barne- og ungdomsvernet
- Opplæringslova
- Barnehagelova
- Stortingsmelding nr 16 (2006-07) Og ingen stod igjen ...
- Lov om sosiale tenester
- Plan- og bygningslova
- Forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage
- Rundskriv Q-16/ 2007: Forebyggjande innsatser for barn og unge
- Lov om folkebibliotek

Utdrag av desse er laqt ved (Vedlegg 2)

## **2.1.2 Kommuneplanen o.a.**

Vår nye kommune har få vedtekne planar. Kommuneplan 2007- 2018 vart vedteken våren 07. Planen har sterkt fokus på barn og unge og deira plass i høve førebygging, samordning av tiltak, systemarbeid, samarbeid/ samhandling, oppvekstmiljø, foreldra og heimen si viktige rolle, familieøkonomi, psykisk helse, fysisk aktivitet, mobbing, haldningsskapande arbeid, prioritering av rusfrie tilbod, kriminalitetsførebygging, koordinering av innsatsen frå lag og organisasjonar, utvikling av heile mennesket mm.

Av vedtekne planar elles har me:

- Plan for psykisk helseteneste i Vindafjord, 2007- 2010, der barn og unge har prioritet
- Plan for kompetanseutvikling i grunnskulen, der tilpassa opplæring og sosial kompetanse er prioriterte område
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan er vedteken og inneheld punkt om førebyggjande tiltak for barn og unge

Einingane har interne planar, prioriteringar oa. som ikkje er vedtekne politisk. Det er laga plan for "Psykososial støttegruppe".

## **2.2 Prosjektet "For alle – og for den eine"**

### **2.2.1 Målsetjing for prosjektet**

Hausten 2007 vedtok formannskapet oppstart av eit to- årig prosjekt: "For alle- og for den eine". Målsetjing og fokus for prosjektet vart formulert slik:

*"For alle- og for den eine", eit tverrfagleg prosjekt med fokus på*

- *samordning av førebyggjande arbeid i ulike kommunale einingar*
- *samarbeid og samordning av tiltak for barn, unge og familiar i risikosona*
- *samordning av tiltak for barn, unge og familiar med ulike typar vanskar.*

*Målsetjinga er å utvikla og etablera funksjonelle strukturar for tverrfagleg samarbeid.*

Prosjektet har eiga styringsgruppe som er samansett slik:

Synneve Brendsdal, psykisk helseteneste, Iren K. Hebnes, Sosial- og barnevernsteneste, Elisabeth K. Nesheim, leiande helsesøster, Kirsten Hansen, rådgjevar barnehage , Guri L. Ravatn, prosjektmedarbeidar.

Styringsgruppa har utarbeidd denne planen.

### **2.2.2 Prosjektrapport pr. 01.03.08**

Denne seier noko om status for og tiltak i det tverrfaglege samarbeidet og det førebyggjande arbeidet hausten 2007. Rapporten peiker også på tiltak som bør halda fram og kva som er opplevd situasjon og utfordringar på nokre område. Rapporten bygger på samtale med einingsleiarar/- tilsette, føresette o.a. og konkluderer med ein "grunnmursmodell" som fundament og strategi for vidare arbeid. Rapporten følgjer denne planen som vedlegg 3.

## **2.3 Anna materiale**

Barne- og ungdomsplan i (Tidl) Vindafjord kommune, 2003 – 2007

Årsmeldinga for 2006 og 2007

Rapportar frå arbeidsgrupper i samband med kommunesamanslåinga

RO- rapportane, Vindafjord og Ølen


Risikobarn-identifisering og ivaretaking. Prosjektperm, Ølen kommune 1999

### 3 MÅL FOR DENNE PLANEN:

Overordna mål for førebyggjande arbeid og tverrfagleg samarbeid for barn og unge i Vindafjord kommune er: **Å fremja ein god oppvekst som sikrar sunn utvikling og meistring.**

### 4 STRATEGIAR: GRUNNMURSMODELLEN

Når det kommunale hjelpeapparatet møter barn og føresette, er denne modellen utgangspunkt for samarbeid og for tiltak, "For alle- og for den eine!"



Modellen og byggesteinane er strategiane denne planen bygger på og utgangspunkt for vidare tiltak. Tiltaka er konkretiseringar av utfordringane i prosjektrapporten: "For alle – og for den eine".

#### Forklaringar på nokre omgrep i planen:

**Barn:** barn og unge som vert omfatta av prosjektet, 0 – 20 år

**Føresette:** samleomgrep for foreldre eller andre som yt omsorg i foreldra sin stad

**Støtte:** tiltak til barn med behov for ekstra oppfølging i kortare eller lengre periode og der det evt. vert gjort vedtak etter ei eller fleire lover. Døme: Spesialundervisning, barnevernsvedtak, fritidskontakt, samtale og rettleiing mm

### 5 TILTAK:

Tiltaka er konkretiseringar av dei ulike strategiane, byggesteinane, i Grunnmursmodellen. Nokre av tiltaka kunne ha vore plasserte under fleire av strategiane, men er då prøvd plasserte på den meste naturlege plassen. I vedlegg 1 er oversyn over fordeling av ansvar, tidspunkt for innføring og kostnadsramme for dei ulike tiltaka.

Eit av tiltaka, "5.5.1: **Beskriva tenestene. Avklara forventningar**", er overordna fleire av dei andre. Når det arbeidet er gjort, vil fleire tiltak lettare finna si form, storleik og plass. Difor er det vist til dette punktet fleire stader.

## **5.1 Strategiområde 1: HALDNINGAR OG VERDIAR**

### **Omtale**

Arbeidet for det einskilde barnet, samarbeidet med føresette og mellom hjelpetenestene må byggja på sams haldningar og verdiar. Det gjer det lettare å møta kvarandre og å gjera dei rette prioriteringane for å nå målsetjinga.

#### Haldningar og verdiar i arbeidet med barn og unge i Vindafjord kommune

1. Alle barn og unge har behov for og rett til å bli sett og å oppleva meistring
2. Føresette er ansvarlege for barna sitt liv og oppvekst
3. Vindafjord kommune sin innsats bygger på respekt for og dialog med føresette
4. Tilsette som ser at barn har behov for omsorg og støtte, har medansvar for at barnet får hjelp etter sitt behov
5. Arbeidet for barn og unge bygger på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid, der ein tar utgangspunkt i dei ressursar barn og føresette har
6. Tilsette har fokus på nærmiljøet som ressurs for barn og unge

### **Tiltak:**

#### **5.1.1 Grunnmursmodellen, haldningar og verdiar**

Modellen er Vindafjord kommune sitt arbeidsgrunnlag og skal innførast. Modellen inngår som element i bygging av felles kultur, felles haldningar og verdiar. Modellen vert og del av informasjonsmateriell som skal utarbeidast i/ for alle kommunale einingar.

Det må gjennomførast ei opplæring for alle einingar med innhald: Vedteken plan, Grunnmursmodellen, haldningar og verdiar, arbeidet ut frå desse, skjema og materiell som etter kvart vert utarbeidd.

#### **5.1.2 Informasjonsmateriell**

Kommunen lagar mal for informasjonsmateriell med ein felles del og ein del som kan tilpassast kvar eining. Informasjonsmateriellet må oppdaterast årleg og innehalda informasjon om kommunen sitt tilbod til barn og unge, opningstider mm.

Materiell vert samordna med informasjonsbehovet til prosjektet "Dei utfordrande barna", der barnehage, skule, SFO, PPT og helsestasjon i Ølen krins deltek. Både Internett, Intranett og papirbrosjyrar vert nytta.

#### **5.1.3 Årleg "Oppvekst i Vindafjord"**

Det vert arrangert ein årleg konferanse for tilsette som arbeider med barn og unge. Målet er å skapa kjenskap og fellesskap og å bygga opp kompetanse.

## **5.2 Strategiområde 2: FØRESETTE, HEIM og FAMILIE**

### **Omtale**

Omsorg, trygge rammer, sunt kosthald og søvn er grunnpilarar for ei god utvikling hos eit barn. Dette skjer i heimen. Vår grunnhaldning er at alle føresette er glade i sitt barn og vil barnet sitt beste. Føresette er dei viktigaste personane for barnet og deira kompetanse må bli styrka. Nokre føresette treng ekstra støtte for å gjennomføra oppgåva. Arbeidet startar før fødselen. Slekt og nettverk elles er også viktige medspelarar for barnet og for utviklinga til barnet. Hjelpetiltaka skal byggja på dei ressursane som er i heim og nettverk elles.

### **Tiltak**

#### **5.2.1 Foreldreførebuande kurs**

Slike kurs vert i dag drive av jordmor i samarbeid med helsestasjonen. Vert vidareført.

### 5.2.2 Godt Samliv

Det er kurs for førstegangsførelde. Helsestasjonen har hatt tilbodet i samarbeid med Etne kommune. Tilbodet held fram.

### 5.2.3 Foreldrerettleiing

Foreldrerettleiing skal vera ein sams grunnpilar i arbeidsmåten til tilsette i Vindafjord kommune. Dette følgjer naturleg av "Grunnmursmodellen". Rettleiinga skal medverka til å få fram og styrka foreldra sin kompetanse. Helsestasjonane nyttar i dag programmet ICDP. (International Child Development Programmes) Dette vert vurdert gjeldande for alle einingar. I innføringa vert det nytta ekstern og intern opplæring og materiell.

### 5.2.4 Open barnehage

"Open barnehage" er eit gratistilbod til føresette som er heime med små barn. Opningstid er nokre timar, 1- 3 dgr. pr. veke. Når slik barnehage vert driven av førskulelærar, er det mogeleg å få statstilskot til drifta. Fagfolk (helsestasjon, PPT m.fl.) og frivillige (sanitetslag, frivillighets-sentral el.a) kan delta i drifta. Tilbodet fungerer som ein arena for nettverksbygging mellom føresette og som aktivitetsarena for barna. Det er ein naturleg møteplass for rettleiing og støtte frå kvarandre og frå fagfolk. Behovet for tiltaket er truleg størst for barn 0- 3 år. Det bør startast ei utgreiing med siktemål å starta opp prøveprosjekt med "Open barnehage". Aktuell lokalisering kan vera Ølen og Skjold. Ølen, fordi det her er busett mange familiar med minoritetsbakgrunn og trong for møteplassar. Her bør lokale til "Open barnehage" vurderast i samband med bygging av nytt "kulturhus". Lokalisering i Skjold er grunna i at personalet ved helsestasjonen har ytra interesse for eit slikt tilbod, og i at det bør vera råd å finna høvelege lokale i nærleiken. Samarbeid med frivillige sentralt for gjennomføring.

### 5.2.5 Menyliste, innslag på foreldremøte

Det vert utarbeidd felles oversyn for alle einingar over naturlege emne å tilby på foreldremøte i barnehagane, på dei ulike klassestega og kven som kan spørjast om å vera bidragsytar innan dei ulike emna.

### 5.2.6 Samtalegrupper for føresette

Det vert starta opp arbeid med målsetjing å kunna tilby alle føresette å delta i samtalegrupper ved overgangen til ungdomsskulen. Eit alternativ til samtalegrupper kan vera ei form for foreldrekafe knytt til ungdomsskulane. Aktuelle tema: Foreldrerolle- og ansvar, ungdom og ungdomstid. Ansvar/ økonomi for tiltaket må med i "Pkt 5.5. 1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."

### 5.2.7 Informert samtykke.

Det vert laga ein felles mal for informert samtykke frå føresette. Malen inneheld kven det kan hentast informasjon frå, kva som kan informerast om, kor lang tid samtykket gjeld for mm.

### 5.2.8 Kartlegging av ressursar og behov

I møtet mellom føresette og hjelpeapparatet, er samtale om deira ressursar og behov ein naturleg del. Samtalen må omfatta ulike sider ved barna sine arenaer: barnehage/skule, heim og fritid, kva føresette vil ta hand om sjølv og kva dei ynskjer og treng hjelp til. Dette vert skriftleggjort i ein vidare avtale, evt. vedtak om tiltak el. a. Felles kartleggings skjema, utarbeidd tverrfagleg, vert vurdert.

### 5.2.9 Lekser og leksehjelp

Nokre barn og heimar har av ulike årsaker trong for støtte i leksearbeidet. Skulane bør ha rammer for kva lekser skal vera: målsetjing, omfang, innhald mm. Dersom familiar framleis slit med lekse situasjonen, kan leksehjelp vera eit tiltak. Kostnader må dekkast av det organet som gjer vedtak. Tema må vera med i arbeidet med "Pkt 5.5. 1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."

### **5.2.10 Miljøarbeidar/ miljøterapeut i heimane**

Barnevernstenesta har to tilsette i slike stillingar. Dette er viktige funksjonar som må gjerast kjent og det må avklarast kva som er vilkåra for å få tildelt hjelp frå desse. Evt. utvikling og utviding av dette tilbodet må vera med i arbeidet med *"Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."*

### **5.2.11 Rettleiing og støtte til minoritetskulturelle familiar**

Talet på familiar med minoritetskulturell bakgrunn, aukar sterkt i bygdene våre. Det gjeld familiar der den eine eller begge føresette kjem frå eit anna land. Avklaring av ansvar for rettleiing, støtte og ulike hjelpetiltak, slik at desse familieane skal bli inkludert i kommunen vår, må koma med i *"Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."* Det er viktig å få avklart ansvar, økonomi og administrasjon i høve Opplæringslova § 2.8: Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar.

## **5.3 Strategiområde 3: FYSISK OG PSYKISK HELSE**

### **Omtale**

Fysisk velvære og fysisk aktivitet er grunnlag for ei sunn fagleg, sosial og psykisk utvikling. Det same er omsorg, sunt kosthald, søvn og trygge, faste rammer. Føresette har hovudansvaret og helsestasjonane og skulehelsetenesta støttar opp under dette. Barnehage og skule følgjer opp ved å tilrettelegga for aktivitet og sunt kosthald.

Psykiske lidingar er blitt meir synlege hos barn og unge. Desse viser seg som konsentrasjonsvanskar, ved at barn er innadvente og rolige, ved utagering og antisosial åtferd og ved depresjonar og angst.

### **Tiltak:**

#### **5.3.1 Fysisk aktivitet for barn og unge**

Når kommunen gir økonomisk støtte til nærmiljøanlegg, offentlege bygg/ symjehallar, opparbeiding av turstiar ol., må kulturavdelinga sjå til at anlegg og tiltak tilrettelagde for barn og unge får prioritet. Det same gjeld trafikksikringstiltak. Barnerepresentanten har og til oppgåve å ivareta barna sine behov i høve planarbeid, utbyggingsprosjekt mm.

#### **5.3.2 Helsestasjonsprogrammet 0- 20 år**

Dette fungerer godt i dag og må haldast vedlike. Det er oppgåver innan rettleiar for helsestasjonar som ein ikkje får gjennomført pga. lågt stillingsvolum samanlikna med andre kommunar. To vidaregåande skular og arbeid knytt til arbeidsinnvandrarar oa. krev ressursar slik at førebyggjande arbeid, foreldrerettleiing og undervisning må reduserast. Ressurs til helsesøsterarbeid, omfordeling av oppgåver/ grenseoppingar mellom helsestasjon, psykisk helse og andre tenester må vurderast i samband med *"Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."*

#### **5.3.3 Open helsestasjon 0- 20 år**

Helseavdelinga ser behov for ei form for "Open helsestasjon" og ynskjer å starta med slik i Ølen. Her kan føresette, barn og unge koma for å søka råd og få hjelp, utan avtale på førehand. Opningstida vil vera på ettermiddagstid, 1 dag pr. veke.

#### **5.3.4 Fysioterapeut med i 4.-mnds gr.- på helsestasjonen**

Etter at det vart tilsett kommunal fysioterapeut, har denne vore med i desse gruppene. Deltakinga vert sett på som positiv og held fram.

#### **5.3.5 PPT med på 3-årsgruppene på helsestasjonen**

PPT har stort sett vore med her. Det vert laga fast og forpliktande avtale om deltaking. Hovudhensikta vil vera førebygging, og deltakinga vil og fungera som første presentasjon av og kontakt mellom PPT og føresette.



### **5.3.6 Handlingsplan mot mobbing og prosedyrar ved avdekka mobbing**

Skulane har utvikla kvar sine opplegg for arbeidet i høve mobbing. Barnehagane har sine opplegg. Stabsrådgjevarane skal sjå til at rektorane og barnehagestyrarane i komande skuleår vurderer behovet for å laga felles plan, ein for skulane og ein for barnehagane. Planane kan sjåast i samanheng med pkt. 5.3.8 og ha ein førebyggjande del og ein del som seier noko om korrekt handsaming av slike saker, jfr Opplæringslova § 9.A. Dersom det vert vurdert som høveleg, kan arbeidsgruppe utforma felles deler av slik plan.

### **5.3.7 Plan og prosedyrar v/ ulukker, sorg og kriser**

For fleire år tilbake vart det laga felles plan for barnehagane og for skulane. Sidan den gong har planane utvikla seg i ulik lei. Stabsrådgjevarane skal sjå til at rektorane og barnehagestyrarane i komande skuleår vurderer om ein skal halda fram med å ha felles plan for dette området eller om kvar einskild skule og barnehage skal laga eigen. Dersom det vert vurdert som høveleg, kan arbeidsgruppe utforma felles deler av slik plan.

### **5.3.8 Felles undervisningsprogram for 1. – 7. kl.**

Det er utvikla ulike program som skal ivareta haldningsskapande arbeid og godt læringsmiljø, motvirka antisosial åtfærd og mobbing, styrka sjølvbiletet osv. (Respekt, Zero, PALS, Steg for steg m.fl.) Forskarar har vurdert desse og kva forventa effekt dei har. "Steg for steg" vert nytta ved nokre av skulane våre i 1.- 4. kl., elles er ikkje andre i bruk. Rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteken i juni, har som tiltak at skulane skal innføra eit slikt undervisningsprogram.

Ei gruppe samansett frå skulehelsetenesta, psykisk helseteneste, PPT og skulane vert sett ned for å vurdere dei ulike programma og velja ut eit med tanke på innføring hausten 2009. Dei ulike tenestene er forplikta til å ta ansvar og delta i undervisningsopplegget der det naturleg høyrer heime. Felles undervisningsopplegg som helsesøster og barne- og familierettleiar allereie har for 7. kl., held fram inn til vidare.

### **5.3.9 MOT (Mot til å leva, mot til å bry seg, mot til å seia nei) for 8.- 10. kl.**

MOT- arbeidet får gode tilbakemeldingar frå alle som har erfaring med det. Det er behov for oppfrisking av kva forpliktingar som følgjer med å vera MOT- kommune. Kursing av fleire informatørar, fagfolk o.a. er ei kontinuerleg oppgåve. Kunnskap om førebyggjande tiltak som fungerer, tilseier at foreldra må bli både målgruppe og medspelarar for arbeidet, td. gjennom "Foreldrekontraktar". Kulturavdelinga må òg involverast. På eit seinare høve må Vindafjord kommune ta stilling til å verta "eit lokalsamfunn med MOT". Samarbeid med næringsliv og andre kan vurderast for å styrka økonomien.

### **5.3.10 Undervisning om psykisk helse på ungdomssteget**

Helsesøster og barne- og familierettleiarane underviser pr. i dag om dette for 9. kl. MOT inneheld og tema som har med psykisk helse å gjera. Begge opplegga vert vurdert som mangelfulle m.o.t. kunnskap om ulike psykiske vanskar og kva ein kan gjera når desse oppstår. Forsking viser at slik informasjon er eit viktig tiltak for å redusera vanskar. Psykisk helseteneste får i oppdrag å utvikla undervisningsopplegg for eit eller fleire klassesteg på ungdomsskulen. Innhaldet kan byggast på undervisninga som alt er i gong, og på 9. kl.- programmet innan "Alle har ei psykisk helse". Skulane gir rom for gjennomføring av dette.

### **5.3.11 Førebyggjande innsatsar på dei vidg. skulane**

I kommunen vår er det to vidaregåande skular, den private internatskulen Lundeneset vidg. skule og Ølen vidg. skule. Begge driv førebyggjande arbeid med ulike tiltak i elevmiljøet. Ølen vidg. er med i MOT og har jamleg undervisning i VIP for 1. kl. Lundeneset har årleg hatt liknande opplegg. Begge skulane får skulehelseteneste frå kommunen, psykiatrisk sjukepleiar har jamleg samtalar med einskildelevar og dei nyttar seg og av tilbod frå andre kommunale tenester. Dette samarbeidet skal halda fram.

### **5.3.12 Kompetanseoppbygging om psykisk helse for tilsette**

Kunnskapen er liten på dette feltet, medan vanskane aukar. Psykisk helseteneste får i oppdrag å arrangera årlege kurs om tema, med både interne eller eksterne forelesarar.

### 5.3.13 Gruppetilbod til barn i risikosona

Kunnskap om barn viser at nokre barn er meir utsette for å utvikla behov for støtte enn andre. Det er td. barn av rusmiddelbrukarar, barn av psykisk sjuke foreldre, barn "med to adresser" og barn med minoritetsbakgrunn. Førebyggjande tiltak for desse barna, vert kalla "sekundær førebygging". Det er vanleg å gjennomføra slike tiltak på gruppenivå. Vindafjord kommune har til nå ikkje hatt slike tilbod. Barne- og familiegruppa i Psykisk helseteneste skal utvikla og tilby gruppe for barn "med to adresser" og ut frå desse erfaringane vurderer tilbod til andre grupper.

### 5.3.14 Støttefunksjonar i skulekvardagen

God hjelp vert gitt når vanskar kan løysast på lågast mogeleg nivå. Det er positivt når barn og unge kan få rask, kompetent og lett tilgjengeleg hjelp. I tilfelle der barn slit med personlege vanskar, kan ein samtalepart vera eit tiltak. Skulane har fleire funksjonar som vert nytta i slike tilfelle: Alle elevar er knytt til ein kontaktlærer, ungdomsskulane har rådgjevar og sosiallærer/-rådgjevar, helsesøster har treffetid på alle skulane og barne- og familierettleiarane i psykisk helseteneste har samtalar med barn. Ølen skule har òg ein miljøterapeut som er tilgjengeleg nokre timar i veka. I tillegg kjem alle dei andre hjelpetenestene som møter barn og unge i ulike høve. Dette kan sjå ut som eit godt utbygd hjelpeapparat, men kan og fungera slik at hjelpa vert oppsplitta og fragmentert, slik at den som søker hjelp vert sendt stadig vidare i systemet. For skuleåret 08/ 09 planlegg Psykisk helseteneste og Skjold skule eit samarbeidsprosjekt. Dei yt 20% stilling kvar, slik at ein av barne- og familierettleiarane arbeider på skulen i 40% stilling, 2 dagar i veka.

I samband med arbeidet med "Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar." må det vurderast om dagens struktur legg til rette for hjelp på lågast mogeleg nivå eller om det bør gjerast endringar. Erfaringane frå samarbeidsprosjektet på Skjold skule må takast med i vurderinga.

## 5.4 Strategiområde 4: BARNEHAGE, SKULE OG FRITID

### Omtale

Utanom i heimen, er det på desse tre arenaer barn og unge brukar mykje av tida si. Skule er rett og plikt for alle barn og dei fleste barn går i barnehage. Tilsette her vert viktige, nære personar for barna og medspelarar i utviklinga deira. Rolla som nær vaksen gir tilsette i barnehage og skule eit særskild ansvar for å sjå og stimulera det einskilde barnet og for å kontakta og rådføra seg med føresette dersom dei uroar seg over utviklinga til barnet. Barnehage og skule har ansvar for å bidra med og stimulera til ulike støttetiltak til barnet etter avtale med føresette. Dei har plikt til å bringa evt. bekymring vidare til barnevernstenesta, dersom det er grunnlag for det. På fritidsarenaen er kulturskulen, biblioteka og ungdomsklubbane Hippo og Public viktige kommunale bidragsytarar. Idrettslaga, kyrkja og andre lag og organisasjonar er viktige støttespelarar til ei rik fritid og allsidig utvikling hos barn og unge. Kommunen tilrettelegg for idrettsanlegg mm. Barn med behov for støtte må og få del i den stimulansen som ligg i ei innhaldsrik fritid. Fritidsarenaen må stimulerast; fagleg, praktisk og økonomisk.

### Tiltak:

#### 5.4.1 Språkstimulering og kartlegging

Å oppfatta og bruka det norske språket er grunnleggjande for personleg, sosial og fagleg vekst. Helsestasjon, som møter alle barn, nyttar kartleggingsverktøya SATS (2, 3 år) og SPRÅK 4 (4 år). Barnehagane nyttar TRAS og ALLE MED som kartleggingsverktøy. PPT er samarbeidspart. Dette arbeidet må halda fram. Skulane fører arbeidet vidare, ved at TRAS- kartlegginga følgjer med barnet ved overgang til skulen.

#### 5.4.2 Friplass i barnehage og SFO for einskilde grupper

Vindafjord kommune har ingen praksis for dette. Tema må takast med i samanband med "Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."

### **5.4.3 Tilpassa opplæring, fagleg og sosial meistring**

Ei målsetjing i Kommuneplanen er: "Alle barn i grunnskulen skal få tilpassa opplæring som fremjar utviklinga av heile mennesket - både kunnskapsmessig og sosialt."

Dersom dette skal realiserast, må rammefaktorar som personalressursar, læringsarenaer/ rom, materiell mm. leggast til rette.

Forsking på skule generelt, tyder på at skulesystemet er betre tilpassa jenter enn gutar. Det viser seg ved lågare score i fagleg arbeid og ved at det er flest gutar som "droppar ut" av vidaregåande skule. Det er ingen grunn til å tru at situasjonen er annleis i Vindafjord enn elles i landet. Dette må det takast omsyn til i planlegging/ styrking av dei nemnde rammefaktorane.

"Tidleg førebygging", må vera ei innarbeidd arbeidsform, ved at barn med behov for støtte, oppmuntring og særleg stimulans, vert oppdaga og får hjelp så tidleg som mogeleg og på ein naturleg måte. Skulestarten – og overgangane i skulesystemet - må gjerast til ei god oppleving for alle og innan ei inkluderande ramme. Dei stille og innadvendte elevane må få like mykje fokus som dei utagerande og merksemdssøkjande. Personalressursane kn med fordel omfordelast slik at ressursane på dei lågaste klassestega vert auka.

Skulebygga må rehabiliterast, slik at dei vert høvelege bygg for ei inkluderande og tilpassa opplæring, for gutar og for jenter.

### **5.4.4 Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning**

Opplæringslova kap 5. slår fast rettane til førskulebarn og skulebarn på det spesialpedagogiske området. Rett til spesialpedagogisk hjelp gjeld førskulebarn som har særleg behov for denne og rett til spesialundervisning gjeld elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga. PPT er sakkunnig instans. For å sikra rettane, må det i nær framtid gjerast ei evaluering der ein ser pkt. 5.4.3 og 5.4.4 i samanheng, kvalitetssikrar sakshandsaminga mm.

### **5.4.5 Kvalitetssikra og skriftleggjere rutinar for overgangar barnehage- barnetrinn- uttrinn og vidaregåande skule**

I ungdomsundersøkinga vart det lagd vekt på at overgangane er kritiske fasar i barn/ unge sitt liv. Kommunen har laga minimumsramme for barnehagane og skulane sine rutinar for desse. I regi av stabsrådgjevarane må desse evaluerast og evt. endrast. Nyleg utgjeven rettleiar frå Kunnskapsdepartementet for overgangen mellom skule og barnehage kan nyttast som utgangspunkt for evalueringa. Rutinane bør leggast på Intranett til informasjon. Det er høve for kvar barnehage/ skule å ha tiltak ut over minimumsrammene.

### **5.4.6 Kartleggingsprøvar, brukarundersøkingar mm**

Skulane har i dag eit oppsett over kva kartleggingsprøvar oa. som skal gjennomførast på ulike klassesteg. Oppsettet vert bygd ut slik at ei trivselsundersøking vert obligatorisk på nokre klassesteg. "Elevundersøkinga", som alt er obligatorisk for nokre årssteg, vert vurdert nytta av fleire. Resultata av prøvar og undersøkingar som er obligatoriske, skal drøftast og gjennomgåast på kommunenivå.

Ungdomsundersøking i regi av Rogaland A- senter, vert framover gjennomført annakvart år. Det må vurderast om kommunen skal nytta felles system for brukarundersøkingar.

### **5.4.7 ART**

Konsentrasjon, manglande sosial kompetanse og utagerande åtferd er problemområde der skulane merkar auke. Skulane treng reiskap og kompetanse for å møta desse, utover det som det ordinære arbeidet i klasserommet gir rom for. ART (Agressive replacement training) er ein arbeidsmetode eller eit program som gir gode resultat. Programmet er ressurskrevjande. Barnevernstenesta har utdanna ART- trenarar, men manglar kapasitet til gjennomføring. Det er ei målsetjing å kunna tilby ART- grupper på dei skulane som har behov. I samband med "Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar.", må ein sjå på om endra oppgave- og ressursfordeling kan gi rom for evt. utdanning av fleire trenarar og til gjennomføring. ART må gjennomførast i eit samarbeid mellom skulane, PPT og evt. barnevernstenesta.

#### **5.4.8 Alternative skuletilbod**

Av ulike grunnar er det nokre elevar som ikkje finn seg til rette i den vanlege skulen. Det er flest gutar i denne gruppa. Kommunen startar opp utgreiingsarbeid om behovet for eit alternativt skuletilbod for desse. Drift kan evt. vera i samarbeid med andre kommunar med same behov.

#### **5.4.9 Oversyn over lag og organisasjonar**

Kulturkontoret utarbeider og oppdaterer jamleg internettopplysningar og vil i tillegg laga ei brosjyre over fritidstilbod med kontaktpersonar for ulike alderssteg i dei ulike krinsane mm. Dette vil vera ein naturleg del av informasjon for å fremja trivsel og inkludering for nyttilflytta familiar.

#### **5.4.10 Opplæring av trenarar og leiarar om barn med psykososiale vanskar**

Kulturkontoret ber inn til og er praktisk arrangør, medan psykisk helseteneste er fagleg ansvarleg for årleg kurstilbod framover. Tema: Kva er psykososiale vanskar, korleis møta desse barna, inkludering o.l.

#### **5.4.11 Ungdomsklubbar**

I Ungdomsundersøkinga kom det fram sterke ynskje om alkoholfrie møteplassar. Ungdomsklubbane Hippo i Skjold og Public i Ølen er inne i det andre av to år med prosjekt der kommunen lønar vaksne leiarar. Prosjektet må evaluerast saman med ungdommane. Dersom evalueringa konkluderer med framhald, yt kommunen bidrag til løn. Kommunen styrker andre ungdomsklubbar i kommunen økonomisk og utarbeider retningsliner for vilkåra for slik styrking.

#### **5.4.12 MOT i fritid**

MOT- arbeidet skal og ha ungdomsklubbane som arbeidsplass. Talet på informatørar og godtgjersle til desse må aukast. Kulturavdelinga er med i arbeidet.

#### **5.4.13 Utvikla fritidskontaktoppdraget**

Barnevernstenesta og eining for funksjonshemma er dei som har hovudansvar for fritidskontaktar og for å hjelpa barn med behov for støtte inn i ei positiv fritid. Gruppetilbod i kulturskulen, medleiar i speidar, ungdomsklubb og liknande vert utvikla som tilbod/ tiltak. Fritid og vennskap er viktig for meistring! *"Pkt 5.5.1: Beskriva tenestene. Avklara forventningar."*

#### **5.4.14 Biblioteket/ kulturbygg som møteplass**

Folk treng møteplassar. Det gjeld særleg dei som har lite nettverk eller som av andre årsaker ikkje nyttar dei ordinære tilboda. Biblioteket har vist seg å fungera som ein møteplass, der barn og unge med ulik bakgrunn og kompetanse nyt godt av dei same gratis tenestene. Det er planar om nytt bibliotek/ kulturbygg. I arbeidet med dette må møteplassfunksjonen styrkast ved at det vert sett av areal/ rom til at fleire tenester kan nåast ved å gå inn "same dør".

#### **5.4.15 Ungdomsråd**

Det er viktig å ha ungdom som medspelarar og å gi dei medråderett på eigen arena. Ungdomsrådet må difor styrkast ved at ein lagar nye/ reviderer retningslinene, ved at budsjettmidlar vert øyremerkt arbeidet og ved å koma inn i gode rutinar.

### **5.5 Strategiområde 5: TVERRFAGLEG SAMARBEID**

#### **Omtale**

Vindafjord kommune har 21 einingar som direkte yt tenester til barn og unge. Andre avdelingar/ einingar er bidragsytarar på andre måtar. Kommunen er langstrakt og tenestene er lokalisert fleire stader.

Kommunen må etablere ein samarbeidsmodell som knyter desse tenestene saman. Behova ein slik modell skal stetta er ma. å:

- fanga opp barn som har behov for støtte
- vera drøftingsorgan for anonymiserte saker eller saker der foreldra har gitt samtykke


- fagleg møteplass for avdekking av behov for, utveksling og oppbygging av kompetanse
- kunna sjå totalsituasjonen for oppvekstmiljø og kommunale tenester
- vera forum for avklaring av ansvar og økonomi for brukarar med store og samansette behov

Med utgangspkt i situasjonen i Vindafjord kommune får vår samarbeidsmodell nemninga ”**Bygdamodellen**”. Fundamentet i samarbeidet er **Oppvekstteam**, for barnehagane/ førskulebarn og for skulane/ skuleborn. Pga vår langstrakte kommune, vert det etablert 3 område, geografisk lik ungdomsskulekrisane/ helsestasjonsområda. Desse får kvar sine team, slik at det vert totalt 6 Oppvekstteam, tre for barnehagane og tre for skulane. Deltakarar i kvart av desse er styrar el. rektor, evt andre frå barnehagen/ skulen, PPT, helsestasjonen, psykisk helseteneste og barnevernstenesta. Frå sak til sak kan og andre tenester bli innbedne på møte. Det er viktig at dei ulike tenestene har ein fast representant i kvart team slik at situasjonen og samarbeidet vert etablert og vurdert over tid.

For å fanga opp ungdommar med behov for støtte frå ulike tenester, er det naudsynt med samarbeid med Ølen vidg. skule. Dei har eit **Ressursteam** som har møte kvar veke. Helsesøster deltek jamleg der. Nå vert samarbeidet prøvd utvida, slik at dei ulike tenestene kan møta i Ressursteamet tre gonger årleg.

På rådmannsnivå vert **Samordningsteamet** etablert, som overbygning for Oppvekstteamama. Dette blir samansett av representant for rådmannen og leiarane i dei ulike tenestene som er med i Oppvekstteamama. Styrarane og rektorane vel ein repr. frå kvart Oppvekstteam. Teamet har tre møte i året.

Foreslått modell passar saman med kommunen sin visjon om ”levande bygder, trivsel og handlekraft” og kan visualiserast slik:



I tillegg til dette vert det samarbeidd rundt einskildbarn i Ansvarsgruppe. Nokre av desse har Individuell Plan som arbeidsverktøy.

KS har våren -08 gitt ut Veileder: ”Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn- ungdom- familier”. Denne vert styrande for samarbeidet.

Dei ulike teama må kunna kallast saman på kort varsel dersom det er naudsynt.

## Tiltak

### 5.5.1 Beskriva tenestene. Avklara forventningar

Det vert sett i gang eit arbeid med å beskriva kva tenester kvar einiskild eininga skal tilby. Arbeidet må få fram ansvar og grenser for dei ulike einingane. Dette gjeld særskild område mange jobbar med. Døme: Barn og unge med psykososiale vanskar og barn med samansette vanskar.

### 5.5.2 Oppvekstteam, barnehagane

Dette arbeidet er alt i gong under namnet "Trivselsteam" og får gode tilbakemeldingar. Møtefrekvens er nå 2 g. pr. år, vert auka til 3 g. pr. år.

### 5.5.3 Oppvekstteam, skulane

Det vert oppretta 3 Oppvekstteam knytt til skulane etter modell frå barnehagane.

I: **Vikedal**, Imsland og Sandeid, II: **Ølen**, Vågen og Bjoa og III: **Skjold**, Vik og Vats.

Kvar eining vel ut sin deltakar, som ikkje treng vera einingsleiar. Men det skal vera ein fast person som på det viset vert "primærkontakt" for krinsen og må få tid og tillit til å fylla oppgåva. Deltakarane kan be med andre inn i møta. Teamet har møte 3 g. pr. år. Retningsliner må utarbeidast. Møteinnkalling og -leiing vert fordelt mellom skulane.

### 5.5.4 Ressursteam

Ølen vidaregåande har etablert sitt interne ressursteam som har møte kvar veke. Det er drøftingsorgan for generelle tema i høve førebygging og tilrettelegging, samt vedtaksorgan for individuelle tiltak. Ressursteamet består av 2 rådgjevarar og 3 lærarar frå skulen, samt PPT og OT for vidaregåande. Helsesøster møter ved behov.

Ølen vidg. skule vert kontakta med tanke på å systematisera og styrka samarbeidet mellom skule og kommunale tenester. Dette tema må og takast med i planlegging av nytt NAV- kontor.

### 5.5.5 Samordningsteamet

Samordningsteamet vert bindeledd på rådmannsnivå mellom dei ulike tenestene. Teamet har til oppgåve å sjå over og halda seg orientert om oppvekstsituasjonen, utfordringar, samordnings-, ressurs-, kompetanse- og utviklingsbehov. Teamet kan be inn andre aktuelle deltakarar frå sak til sak. Samordningsteamet skal ma. sikra relevant informasjon naturlege og formelle kanalar, slik at ikkje ting får høve til å "poppa opp". Retningsliner vert laga og ansvar fordelt.

Samordningsteamet må ha eiga økonomisk ramme til gjennomføring av kompetansetiltak, ungdomsundersøking ol. Møte 3 g. pr. år

### 5.5.6 Retningsliner: Ansvarsgrupper, individuell plan (IP) og koordinatorfunksjonen

For barn med behov for tenester frå fleire einingar eller instansar vert det ofte etablert ansvarsgruppe. Her møtest brukar og dei ulike tenestene. Nokre har IP som arbeidsreiskap. Vår nye kommune treng å utvikla ein sams strategi og praksis på området. Arbeidet for å få dette til, må koordinerast med pågåande arbeid for å få god praksis for vaksne innbyggjarar. Det må lagast retningsliner for ansvarsgrupper, IP og koordinator- funksjonen. "Koordinerende enhet" må etablerast. Målsetjinga er funksjonelle ordningar som avlastar foreldre og brukarar. Retningslinene må gi brukaren sentral plass og også gje rom for at fagfolka kan møtast for å ta opp og avklara intern usemje utan at føresette er tilstades.

### 5.5.7 Informasjon, skjema mm

Alle interne skjema, retningsliner og regelverk som er felles, vert oppdaterte, gjort kjende og lett tilgjengeleg for alle på Intranett. Informasjon på Internett vert oppdatert og relevant og bygd opp kring sams mal. Ansvar for vedlikehald må plasserast.

### 5.5.8 Rutinar, sakshandsaming og vedtak

Med mange einingar, stort arbeidspress og utskifting i personalet, er det stor sjanse for at formelle krav til sakshandsaming, vedtak mm. kan smuldra opp og ting gjort ulikt etter ei tid.

Rettstryggleiken til den einskilde kan stå i fare. Fylkesmannen sine ulike tilsyn i kommunen har stadfesta dette. Kvar eining går gjennom sine rutinar og vedtaksmalar, stabsrådgjevarane sikrar at skular, barnehagar og PPT sine rutinar/ malar er korrekte. Post- Sak- Arkiv avdelinga hjelper til i arbeidet. Malar vert gjort tilgjengelege på Intranett.

#### **5.5.9 Kompetanse. Koordinering. Kurs mm**

Samordningsteamet får ansvar for å sjå til at kommunen har/ prøver å få tak i naudsynt kompetanse. Dette ved at ledige stillingar vert drøfta og ved at interne kurs vert informert om og tilbydd andre einingar. Intranett må nyttast aktivt som informasjonskanal.

#### **5.5.10 SLT- koordinator (SLT = "Samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak")**

Nyleg vedteken Rusmiddelpolitisk handlingsplan har SLT- koordinator saman med Etne kommune som tiltak. Det vert førebudd eiga politisk sak om oppretting av stilling som SLT- koordinator. Dette er noko denne planen kan slutta seg til.

Etne og Vindafjord høyrer til same politidistrikt og ungdommane tilhøyrer til dels same skule- og fritidsmiljø. I kommunane våre er det ei mengd med tiltak i barnehage og skule og mange ulike fritidstilbod. Handlingsrommet for ein SLT- koordinator er i skjeringspunktet mellom kommunale tiltak, fritid og frivillig innsats.

#### **5.5.11 Politiråd**

Politiråd er eit rådslagningsorgan på strategisk nivå og fungerer som bindeledd mellom kommune og politietat. Politirådet kan bestå av lensmann, ordførar og rådmann og vera eit samordningsorgan mellom kommuneleinga og politiet med føremål å førebyggja og bekjempe kriminaliteten i Vindafjord. Rådet drøftar kommunen og politiet sine felles utfordringar med tanke på systematisk samarbeid for størst mogeleg effekt av politiet og kommunen sitt arbeid i høve kriminalitetsførebygging. Politirådet har og ei rolle i MOT og SLT- arbeidet. Det er naturleg at rådmannen fungerer som bindeledd mellom Samordningsteamet og Politirådet i saker av felles interesse. Det vert starta arbeid for å få formalisert eit Politiråd i kommunen.

#### **5.5.12 Ungdomsundersøkinga kvart 3. år**

Rogaland A.- senter tilrår ei slik undersøking 3. år. Tilrådinga bør følgast opp. Samordningsteamet er ansvarleg for innhald og gjennomføring og for at resultatata vert evaluert, drøfta og følgd opp.

## **6 ØKONOMI, EVALUERING OG RULLERING**

Denne planen for førebyggjande arbeid og tverrfagleg samarbeid for barn og unge er ny og skisserer små og større endringar på ulike nivå. Gjennomføring av nokre av tiltaka vil krevja endring i arbeidsform, -rutinar og – område. Nokre tiltak er kostnadsfrie, andre vil kosta pengar.

I det første året av planperioden er det høve til å stimulera innføring av nye tiltak og endringar ved at planen er ein del av prosjektet "For alle- og for den eine". Prosjektmedarbeidaren kan arbeida praktisk med dei ulike tiltaka og øva trykk på gjennomføringa av dei.

Det er naturleg at tiltak frå planen vert teke med i budsjettprosessen, først for budsjettåret 2009, deretter kvart år. Samordningsteamet har ansvar for at så skjer.

Ein slik plan bør evaluerast og rullerast. Desse prosessane bør ikkje gjerast meir kompliserte enn naudsynt. Ei første rullering kan gjerast i Samordningsteamet og Styringsgruppa for prosjektet "For alle- og for den eine", våren 2009, prosjektperioden er ute.

Deretter bør det vera evaluering av planen i 2011, i etterkant av Ungdomsundersøkinga og samordna med budsjettprosessen og evaluering av andre planar, td. rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Planen må fordela ansvar og ha oversyn over kostnad for dei ulike tiltaka. Framlegg til dette er med som vedlegg 1.

<b>Vedlegg 1: ØKONOMI OG ANSVAR. TILTAK I "PLAN FOR FØREBYGGANDE ARBEID OG TVERRFAGLEG SAMARBEID, BARN OG UNGE".</b>												
<i>Forkort- ingar:</i>	<b>SOT</b> betyr Samordningsteamet		<b>Tiltak som ikkje kostar noko er merka med grønt</b>									
	<b>Pr. med</b> betyr Prosjektmedarbeidar											
	<b>R Bh</b> betyr Rådgjevar, barnehage											
	<b>Sr Sk</b> betyr Stabsrådgjevar, skule											
	<b>TILTAK</b>	<b>2008</b>		<b>2009</b>		<b>2010</b>		<b>2011</b>		<b>2012</b>		
		<i>Økonomi</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Økonomi</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Økonomi</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Økonomi</i>	<i>Ansvar</i>	<i>Økonomi</i>	<i>Ansvar</i>	
	<b>Strategi 1: Haldningar og verdiar</b>											
5.1.1.	Grunnmursmodellen, haldningar og verdiar		Pr. med		Pr. med		SOT		SOT		SOT	
5.1.2.	Informasjonsmateriell	2000	Pr. med	2000	SOT		SOT		SOT		SOT	
5.1.3.	Årleg "Oppvekst i Vindafjord"	15000	PH		SOT		SOT		SOT		SOT	
	<b>Strategi 2: Føresette og familie</b>											
5.2.1.	Foreldreførebuand kurs		Jordmor		Jordmor		Jordmor		Jordmor		Jordmor	
5.2.2.	Godt Samlivs- kurs		Helse		Helse		Helse		Helse		Helse	
5.2.3.	Foreldrerettleiing					10000	SOT	5000	SOT		SOT	
5.2.4.	Open barnehage				R Bh		R Bh					
5.2.5.	Menyliste, foreldremøte		Pr med		Pr med							
5.2.6.	Samtalegrupper, føresette 7--> 8. kl						Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.	
5.2.7.	Informert samtykke		Pr med									
5.2.8.	Kartlegging av ressurser og behov		Pr med									
5.2.9.	Lekser og leksehjelp				Sjå 5.5.1.							
5.2.10.	Miljøarbeidar i heimarne				Sjå 5.5.1.							
5.2.11.	Rettleiing, minoritetskulturelle familiar				Sjå 5.5.1.							
	<b>Strategi 3: Fysisk og psykisk helse</b>											
5.3.1.	Fysisk aktivitet for barn og unge		Kultur		Kultur		Kultur		Kultur		Kultur	
5.3.2.	Helsestasjonsprogrammet 0- 20 år		Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.					
5.3.3.	Open helsestasjon				Helse		Helse		Helse		Helse	
5.3.4.	Fysioterapeut, 4 mndrgr		Helse		Helse		Helse		Helse		Helse	
5.3.5.	PPT, 3- årsg.		PPT		PPT		PPT		PPT		PPT	
5.3.6.	Handlingsplan mot mobbing				SrSk/RBh		SrSk/RBh					
5.3.7.	Plan og prosedyrar v/ ulukker, sorg og kriser				SrSk/RBh		SrSk/RBh					
5.3.8.	Felles undervisningsprogram for 1. – 7. kl.		PPT	20000	PPT	40000	PPT	-20000		-20000		
5.3.9.	MOT		Sr Sk		Sr Sk							
5.3.10.	Undervisning om psykisk helse, u- tr				Psyk H		Psyk H		Psyk H		Psyk H	
5.3.11.	Førebyggjande innsatsar på vidg. skule		Ø+Lvgs		Ø+Lvgs		Ø+Lvgs		Ø+Lvgs		Ø+Lvgs	



	TILTAK	2008		2009		2010		2011		2012	
		Økonomi	Ansvar	Økonomi	Ansvar	Økonomi	Ansvar	Økonomi	Ansvar	Økonomi	Ansvar
5.3.12.	Kompetanseoppb. psykisk helse				Psyk H		Psyk H		Psyk H		Psyk H
5.3.13.	Gruppetilbod til barn i risikosona		Psyk H								
5.3.14	Støttefunksjonar i skulekvardagen		Sjå 5.5.1		Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.				
	<b>Strategi 4: Barnehage, skule og fritid</b>										
5.4.1.	Språkstimulering og kartlegging				Bh/Helse		Bh/Helse		Bh/Helse		Bh/Helse
5.4.2.	Friplass i barnehage og SFO				Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.				
5.4.3.	Tilpassa opplæring. Fagleg/ sosial mestring				Skule		Skule		Skule		Skule
5.4.4.	Spesialpedagogiske hjelp. Spesialundervisning		Sr. Sk								
5.4.5.	Kvalitetssikra overgangane				Pr med						
5.4.6.	Kartleggingsprøvar mm		Sr Sk		Sr Sk						
5.4.7.	ART				PPT		PPT				
5.4.8.	Alternative skuletilbod.			10000	PPT		PPT				
5.4.9.	Oversyn over lag og organisasjonar				Kultur		Kultur		Kultur		Kultur
5.4.10.	Opplæring av trenarar				Kul/ PH		Kul/ PH		Kul/ PH		Kul/ PH
5.4.11.	Ungdomsklubbar.		Kultur		Kultur		Kultur		Kultur		Kultur
5.4.12.	MOT i fritid						Kult/SLT		Kult/SLT		Kult/SLT
5.4.13.	Utvikla fritidskontaktoppdraget				Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.		Sjå 5.5.1.		
5.4.14.	Biblioteket/ Kulturbygg som møteplass.		Arb gr		Arb gr		Arb gr		Arb gr		Arb gr
5.4.15.	Ungdomsråd		Sr Sk		Sr Sk		Sr Sk		Sr Sk		Sr Sk
	<b>Strategi 5: Tverrfagleg samarbeid</b>										
5.5.1.	Beskriva tenestene. Avklara forventningar		Prm/SOT		SOT		SOT				
5.5.2.	Trivselsteam barnehag		R Bh		R Bh		R Bh		R Bh		R Bh
5.5.3.	Oppvekstteam		Prm/ rekt		Prm/ rekt		Rektor		Rektor		Rektor
5.5.4.	Ressursteam, Ølen vidg. skule		Prm/ Øvs		Prm/ Øvs		Øvs		Øvs		Øvs
5.5.5.	Samordningsteamet		Pr med		Rådmann		Rådmann		Rådmann		Rådmann
5.5.6.	Felles retningslinjer		Pr med		Pr med						
5.5.7.	Informasjon/ Skjema mm		Pr med		Pr med						
5.5.8.	Vedtaksrutinar		Alle		Alle		Alle				
5.5.9.	Kompetanse. Koordinering. Kurs mm				SOT		SOT		SOT		SOT
5.5.10.	SLT- koordinator			(Rus..plan)	Rådmann						
5.5.11.	Politiråd				Rådmann						
5.5.12	Ungdomsundersøkinga 3. kvart år	60000	Psyk H	-60000				60000	SOT	-60000	
	<b>Sum pr år, nye tiltak</b>	<b>77000</b>		<b>-28000</b>		<b>50000</b>		<b>45000</b>		<b>-80000</b>	

## Vedlegg 2:

### **1: Utdrag frå lover oa. som omtalar tverrfagleg samarbeid i arbeidet med barn og unge.**

#### Kommunehelsetenestelova

Helsestasjon - og skulehelsetenesta er eit førebyggjande tilbod til barn og ungdom og skal i eit tverrfagleg samarbeid bidra til å skapa eit godt oppvekstmiljø. Sentralt står tiltak for å styrka foreldra si meistring av foreldrerolla, barn og ungdom sitt lærings- og utviklingsmiljø og tilrettelegging av eit godt psykososialt og fysisk arbeidsmiljø i skulen. Helsestasjons- og skulehelsetenesta har ei viktig rolle i å førebygga psykiske og fysiske lidingar hos barn og ungdom gjennom rettleiing, rådgjeving, nettverksarbeid og helseundersøkingar. Tenesta skal fanga opp tidlege signal på omsorgssvikt, mistriksel, utviklingsavvik og antisosial åtferd. Ved behov skal tenesta tilvisa til utgreiing og behandling, bidra til samarbeid om tilrettelegging av støttetilbod og informera om tiltak frå andre instansar.

#### Regjeringa sin strategiplan for barn og unge si psykiske helse (2003)

Overordna mål for planen er å bidra til ei god psykisk helse for barn og unge. Planen byggjer på fleire perspektiv:

- Meistringsperspektivet - styrka den einkilde sine egne ressursar i helsefremjande, førebyggjande og tiltaksretta arbeid mot barn og unge.
- Brukarperspektivet - barn og unge er sjølv sentrale ved utforming av tiltak og framtidige val
- Kunnskapsperspektivet - bruka tilgjengelig kunnskap og skaffa kunnskap der han manglar
- Heilskapsperspektivet - sjå den einkilde sine behov og livssituasjon i samanheng.

#### Lov om barnevernstenesta

Barnevernslova byggjer på den grunnleggjande verdien at det primære ansvaret for barna ligg hos foreldra. Sjølv om det kan påvisast svikt i forelda si omsorgsevne, er hovudregelen at problema primært skal avhjelpast ved hjelpetiltak i heimen. Berre der dette ikkje er mulig, kan det treffast vedtak om omsorgsovertaking eller særlege tiltak for barn med alvorlege åtferdsvanskar. Det er ei lovfesta plikt for barnevernstenesta å samarbeida med helsetenesta og andre forvaltningsorgan for løysa oppgåver.

Barnevernslova legg stor vekt på førebygging. Barnevernstenesta skal søka å trygga barn sine oppvekstvilkår og arbeida for å førebygga vald og overgrep og misbruk av alkohol og andre rusmiddel. Saman med andre offentlege instansar skal barnevernstenesta også arbeida for at det vert sett i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn og unge.

#### Stortingsmelding 40 (2001-2002) Om barne- og ungdomsvernet

Her tilrår Befringutvalet ei samordna barne- og ungdomsteneste og legg stor vekt på at kommunane skal ha et aktivt førebyggjande arbeid.

Det blir framheva fylgjande område som hovudperspektiv:

- betre førebyggjande hjelp til barn og familiar
- barnevernet som koordinator i arbeidet for utsette barn og unge i kommunen
- auka legitimitet for barnevernet blant samarbeidspartar og i befolkninga
- auka politisk engasjement og medvit om barnevernet.

#### Lov om sosiale tenester

Sosialtenesta skal gjera seg kjend med levekåra i kommunen og finna tiltak som kan førebygga uheldige trekk ved utviklinga, blant anna ved å leggja forholda til rette for å styrka sosialt fellesskap og solidaritet i nærmiljøet. Sosialtenesta skal arbeida for at det blir sett i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn og andre som har behov for det. Gjennom informasjon og oppsøkjande verksemd skal sosialtenesta arbeida for å motverka misbruk av alkohol og andre rusmiddel og spreia kunnskap om skadeverknader ved slikt bruk.

### Plan- og bygningslova

Det blir slått fast at det ved planlegging spesielt skal leggast til rette for å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår. I kvar kommune skal det peikast ut ein tenestemann som skal ha spesielt ansvar for å ivareta barn sine interesser.

### Opplæringslova

I følgje Opplæringslova skal skulane i samarbeid og forståing med heimane hjelpa til med å utvikla barn og unge sine føresetnader og gje dei god allmennkunnskap slik at "dei kan bli gagnlege menneske i heim og samfunn". Førrebyggjande arbeid i skulen er eit innsatsområde som det stadig må være fokus på.

PPT skal hjelpa skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PPT skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Oppfølgingstenesta er heimla i opplæringslova og gjeld oppfølging av elevar i vidaregåande skule.

### Barnehagelova

Lova legg vekt på at barnehagen skal bidra til å gi barn under skulepliktig alder eit tilbod som gir gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med barna sine heimar. Barnehagen skal hjelpa heimane i omsorgs- og oppdragaroppgåvene deira, og på den måten skapa eit godt grunnlag for utvikling, livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagar har både ein førrebyggjande og helsefremmande funksjon, og kan bidra til å utjamna sosiale forskjellar.

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdera om barnet har nedsett funksjonsevne. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehagar.

### Stortingsmelding nr 16 (2006-07) Og ingen stod igjen ..

Om elevar med samansette problem seier departementet:

"Barn og unge med sammensatte problemer vil ofte ha behov for en bredere oppfølging enn det skolen og skolehelsetjenesten kan tilby. Bedre samhandling mellom tjenestene er en forutsetning for å unngå fragmentering av hjelpetilbudet og oppnå bedre ressursutnyttelse. Flerfaglige team bestående av barnehage/skole, PPT, barnevern, helsestasjons- og skolehelsetjeneste og psykisk helsevern for barn og unge er eksempel på formalisering av opplegg for flerfaglig samarbeid. I tillegg vil det ofte være behov for prosesser som bidrar til å forankre målrettet flerfaglig og flersektorielt samarbeid i de forskjellige tjenestene, både hos ledere og øvrige ansatte".

Meldinga seier vidare at det er mykje å vinna på å gjera overgangane i skulesystemet så gode som mogeleg for barn og ungdom, slik at elevane får eit betre tilpassa opplæringstilbod frå første dag. Dette er særskild viktig for elevar med ulike lærings- eller åtferdsvanskar.

### Opptappingsplan for psykisk helse 1999-2008 (st.prp.nr 63(97-98))

Tidlegare fekk barn og unge i hovudsak behandling og oppfølging frå spesialhelsetenesta. Opptappingsplan for psykisk helse har lagt nye føringar for arbeidet. Planen inneber eit meir desentralisert tilbod. Eit overordna mål er at kommunane skal gje alle barn og unge eit likeverdig tilbod.

Rettleiaren "Psykisk helsearbeid for barn og unge" listar opp 20 tenester og aktørar i det psykiske helsearbeidet :

- Barnehagen
- Skulen
- SFO
- Kultur fritid og fysisk aktivitet
- PPT
- Oppfølgingstenesta
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Fastlegeordninga
- Psykologkompetanse i kommunen
- Tannhelstenesta
- Kommunal psykisk helsearbeid retta mot vaksne
- Heimebaserte tenester
- Barneverntenesta
- Familievernkontoret
- Sosialtenesta
- Bustad
- Utekontakt
- Politiet
- Kriminalomsorga
- Frivillige organisasjonar

#### Q- 16/ 2007 Forebyggende innsats for barn og unge

Dette rundskrivet har statsrådar i 6 departement som avsendarar. Førebygging er ei av dei viktigaste investeringar eit samfunn kan gjera. Heilskapleg, kunnskapsbasert og samordna innsats er naudsynt i arbeidet. Andre føresetnader for å lukkast er:

- forankring på øvste politiske og administrative nivå
- heilskapleg tilnærming, td oppvekstplan forankra i kommunen sitt overordna planverk
- brukarmedverknad, gjennom IP og ungdomsråd
- tidleg intervensjon
- samordning og samarbeid, hindra fragmentering
- samarbeid med lokalsamfunnet, lag og organisasjonar

#### Lov om folkebibliotek

Omfattar bibliotektenester for heile befolkninga også for dei som har spesielle vanskar med å bruka biblioteket. Fastset og at det skal vera eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og skulebiblioteka.